

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.09.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor, Birte Bjørkelo, presenterte resultatet av den gjennomførte selskapskontrollen av Grieghallen IKS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønskjer å få inn desse punkta i innstillinga for Grieghallen IKS som nye punkt 7, 8 og 9:

- At Grieghallen IKS ber om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.
- Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkselskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomta.
- Det vert tilrådd at det bør vurderast om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presentere selskapskontroll av Grieghallen IKS for fylkestinget 11. – 12.12.2018.

Med tillegg av nye punkt 7,8 og 9 for den delen av innstillinga som gjeld Grieghallen IKS, vart forslag til innstilling samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Vurdere konsekvensen av at eit av styremedlemmane no er konstituert fylkesrådmann med omsyn til habilitet når saker vedrørande selskapet skal handsamast i fylkestinget.
2. Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:
 - a) grunngeving av val av styremedlemmar.
 - b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
 - c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.
3. Sikre at talet på styremedlemmar er i samsvar med inntomsel. § 4.
4. Oppdatere selskapsavtalen og sørge for at praksis er i samsvar med avtalen (mellom anna når det gjeld formulering om varamedlemmar, kva endringar som skal handsamast i fylkesting og bystyre, og val av styreleiar).
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Grieghallen IKS** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med inntomsel. § 8 og selskapsavtalen.
2. Utarbeide økonomiplan i samsvar med inntomsel. § 20 og selskapsavtalen
3. Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med inntomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.
4. Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
5. Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
6. Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.
7. Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.
8. Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkselskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomta.

9. Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.
10. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.